



## Notat

Dato: 15.11.2018  
Arkivsak: 2014/560-370  
Saksbehandlar: sillyng

### **Uttale frå UFU: Status for arbeidet med likestilling og likeverd i Hordaland Fylkeskommune, rapport per oktober 2018**

Ungdomens Fylkesting meiner at arbeidet med likestilling og likeverd i Hordaland Fylkeskommune er veldig viktig. Me er takksame for arbeidet som vert gjort for å forbetre dei ulike arenaene i fylket, slik at kvar dagen vert betre for alle, ikkje minst for barn og unge! For å kunne gjere dette ser me på det som viktig at ein har tett oppfølging av Hordaland Fylkeskommune sin Temaplan for likeverd.

Me synast det er positivt at de har fokus på at lokal lønnspolitikk skal fremja og ivareta likestilling mellom kjønna. Nulltollerering for trakkassering og mobbing er eit viktig ubeskrivelig viktig tema, ettersom dette kan skade enkeltpersonar, familiar og lokalmiljø for livet.

At det har vorte gjennomført LHBT-kursing av rektorar, tilsette og elevar i HFK er eit viktig steg i rett retning, men burde vidareførast i endå større grad.

Fokuset på karriererettleiing i fylket er viktig. Samstundes ser me at mange elevar framleis opplever at dei ikkje får mykje veiledning som dei har bruk for, for å kunne velje karriereveg med tryggheit og på eigne bein.

Under avsnittet om utdanning står det at det er ynskje om at ungdom som har døtte ut av den vidaregåande opplæringa skal hjelpast tilbake på rett veg att. Me er einige i dykkar slutning om at produksjonsskular vil vera vegen å gå for å oppnå dette målet på best mulig måte.

Ungdomens Fylkesting ynskjer eit endå større fokus på vedlikehald og tilrettelegging av elevar i den vidaregåande skulen - både i undervisninga, og i utforminga av skulen.

Behova og tilrettelegging for elevar med funksjonsmildringar er også eit viktig å ta med i utforminga av skulen, for at kvar dagen deira ikkje skal skile seg unødvendig mykje ut i forhold til andre elevar. For å oppretthalde slike tiltak er vedlikehald viktig.

At det vert lagt fokus på innføringsklassar er noko Ungdommens Fylkesting meiner er heilt nødvendig for å styrke skulekvardagen til alle. Derfor meiner me også at det burde vera større fokus på at desse klassane tilbringar meir organisert tid med resten av skulen.

Som dykk ynskjer også me ein betre kjønnsbalanse innanfor yrkesfag, som basert på frie val.

Det er viktig for oss at folk med funksjonshemningar har like tilbod som alle andre innanfor kollektiv tilboden. Me ynskjer difor at det vert fleire bussar og tog som er tilrettelagt for desse.

Me verdset høgt at det vil vera stort fokus på tannhelsetilboden. Dette fremjar ein god oppvekst og utvikling, ved at det vert vist omsorg. Dette er spesielt viktig for barn og unge som har fordi for tannbehandling.

Marius Hellan Hindenes  
leiar  
Ungdommens fylkesutval